



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep.  
0030 OSLO

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEK. VSS	S.BEH. MISO
29 SEPT 2005	
S.NR. 04/1240-48	
ARKIV: 3013	FAVSKREVET

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200403755-13/832/AMVA

Dykkar ref.:

Bergen, 16. september 2005


## Høring - forslag til endring i yrkestransportforskrifta

Innleiingsvis blir det vist til brev fra Samferdselsdepartementet dagsett 07.07.05 vedkommande forslag til endringar i yrkestransportforskrifta.

Hordaland fylkeskommune ser positivt på dei foreslåtte endringane i gjeldande regelverk. Delegering av avgjerdsmynde til fylkeskommunane med omsyn til fylkeskryssande bussruter framstår som hensiktsmessig. Det er også ei praktisk arbeidsfordeling at dei som har avgjerdsmynde også har ansvaret for fortløpande oppdatering av ei nasjonal oversikt over fylkeskryssande bussruter. Vi ser det som ein føresetnad at det i denne samanhengen blir utarbeida eit felles web-basert databehandlingssystem som kan gjere oppdateringa dei fylkeskryssande rutene effektiv og oversikteleg både for fylkeskommunane, departementet og øvrige interessentar – til dømes eit liknande databehandlingssystem som løyveportalen og det web-baserte saksberhandlingssystemet. Hordaland fylkeskommune har som kjent erfaring i utvikling av slike landsomfattande databehandlingssystem og vi vil sjølvstakt kunne medverke til utvikling av liknande databehandlingssystem i framtida.

I følge forslaget til endringar i yrkestransportlovgivinga skal det bli mogeleg å påleggje verksemdar innan kollektivtransportnæringa å ta i bruk ein felles standard for elektronisk billettering samstundes som det blir lagt til rette for at det kan opprettast eit landsdekkjande konkurransenøytralt informasjonssystem for kollektivtrafikken. Dette er endringar som Hordaland fylkeskommune fullt ut sluttar seg til. Slik Hordaland fylkeskommune ser det tilseier den generelle utviklinga innan kollektivtransportsektoren at det bør kunne stillast krav om bruk av elektronisk billettering både av omsyn til offentlege innkjøp av rutetenester og av omsyn til den einskilde kunde. Utvikling av ein felles standard for elektroniske billetteringssystem vil sikre at den einskilde kunde vil kunne nytte same betalingskort som billett i fleire billetteringssystem, noko Hordaland fylkeskommune ser på som ei positiv utvikling.

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader til dei foreslåtte endringane i yrkestransportlovgivinga slik dei kjem fram i brev fra Samferdselsdepartementet dagsett 07.07.05.

  
Magnus Vestrheim  
samferdselssjef

  
Anne Marie Valvatne